

*Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa*

VURDERINGSRAPPORT

ØYSTESE BARNEHAGE



Vaksenrolla i aktivitet og leik

Øystese barnehage, styrar Turid Bang

Vurdering frå: 31.10.2011 – 03.11.2011

Innholdsliste

1 Føreord	3
1.1 Regionalt samarbeid om vurdering og kvalitetsutvikling	3
1.2 Kven vurderar?	4
1.3 Fasar i vurderingsarbeidet	4
1.4 Mål	4
1.5 Rapporten	4
1.6 Barnehagevurdering	5
2. Fakta om barnehagen	5
3. Vurderingstema	5
4. Glansbilde.....	6
5. Barnehagen sine sterke sider innan vurderingsområdet	8
6. Barnehagen sine utviklingsområde innan vurderingsområdet	8
7. Vidare arbeid	17
Vedlegg 1 - Deltakarar i vurderinga.....	18
Vedlegg 2 - Tidsbruk.....	18
Vedlegg 3 - Tidsplan	19
Vedlegg 4 – Metodar.....	20
Dokument- og resultatanalyse	21
Kriterium og teikn på god praksis	21
Førebu barna.....	21
Samtaleguidar.....	22
Møte med føresette.....	22
Møte med styrar	22
Observasjon.....	22
Vedlegg 5 – Dette sa barna	22
Vedlegg 6 – Dette sa føresette.....	22
Vedlegg 7 – Dette sa personalet	24
Vedlegg 8 – Observasjonar	27

1 Føreord

1.1 Regionalt samarbeid om vurdering og kvalitetsutvikling

Med utgangspunkt i Stortingsmelding nr. 28 (1998-99) "Mot rikare mål", vart det sett i gang eit 3-årig nasjonalt prosjekt for skulane: "Ekstern deltaking i lokalt vurderingsarbeid". Hordaland søkte, men kom ikkje med i prosjektet. Likevel var signala der og oppmoding om å jobba med kvalitetsutvikling og vurdering. Skulesjefane/dei skulefagleg ansvarlege i kommunane i Hardanger/Voss vedtok difor i år 2000 å oppretta ei vurderingsgruppe i regionen. Gruppa utvikla metodikken som vert kalla "*Hardanger/Voss vurderingsmetodikk*".

Med utgangspunkt i gode erfaringar med skulevurdering og ynskje om å laga tilsvarande vurderingsprogram for barnehagar, vart det sett i gang eit prosjekt med å tilpassa vurderingsverktøyet for barnehage.

Grunngiving av behovet finn ein også i Rammeplan for barnehage kap. 4.3. vurdering av arbeidet i barnehagen.

Rammeplanen seier: "*Vurdering som blir gjort tilgjengeleg for andre, kan bidra til ein open og brei debatt om måla, innhaldet, oppgåvene og kvaliteten i barnehagen.*"

Vidare: "*Systematisk vurderingsarbeid legg grunnlaget for barnehagen som lærande organisasjon.*"

Skule- og barnehageansvarlege i kommunane i Hardanger/Voss har vedteke å oppretta ei vurderingsgruppe i regionen. Regionen består av mange små kommunar som kvar for seg ikkje maktar å gjennomføra ekstern vurdering. I det regionale samarbeidet er økonomiske og personlege ressursar samla og nytta på tvers av kommunegrensene på ein god og effektiv måte.

Føremålet er at vurderingsgruppa skal vera til hjelp i arbeidet med pedagogisk kvalitetsutvikling i barnehagen.

- Sikra kvalitetsutvikling
- Erkjenning av at barnehagen treng, og kjem til å få "auge utanfrå"
- Ekstern hjelp i vurderingsarbeidet
- Oppfylla kravet i Lov om barnehagar §10 om kommunen sitt ansvar for tilsyn

1.2 Kven vurderar?

Vurderingsgruppa er sett saman av pedagogar i barnehagar frå Hardanger/Voss regionen. Dei har brei og variert pedagogisk bakgrunn, og målet er at me skal vurderer dei kommunale barnehagane i regionen i løpet av 6 år. Ekstern vurdering er og eit tilbod til dei private barnehagane. Ingen vurderer barnehage i eigen kommune.

1.3 Fasar i vurderingsarbeidet

- Barnehagen gjennomfører Ståstadsanalysen i god tid før vurderingsarbeidet tek til
- Barnehagen vel eit fokusområde for vurdering i samsvar med resultat frå ståstadsanalysen
- Arbeidet med ståstadsanalyse og ekstern vurdering må forankrast i personalgruppa og hjå barnehageeigar
- Barnehagen sender resultata frå ståstadsanalysen og bakgrunnsmateriell til vurderarane
- Vurderarane, førebur sjølve vurderinga av barnehagen. Utarbeiding av kriterium, metodeval og verkty vert tilpassa det barnehagen ynskjer fokus på
- Sjølve vurderinga vert gjennomført

- Etterarbeid, lokalt utviklingsarbeid for barnehagen.

1.4 Mål

Auka kvaliteten i barnehagen med fokus på barnet sitt beste

1.5 Rapporten

Vurderarane skriv rapport om resultatet av vurderinga på bakgrunn av dokumentasjonsanalyse, intervju med barn og personalet, møte med føresette og observasjon i barnehagen. Rapporten trekker fram verksemda sine sterke sider, og kva utviklingsområde barnehagen har. Den gir også informasjon om rammene for vurderinga – tidsbruk, metodeval og verkty.

Vurderinga tek ikkje mål av seg til å gje eit fullstendig bilde av barnehagen, men er eit bidrag til kva barnehagen skal arbeida vidare med innan det fokusområdet som er vurdert.

Det er eit ynskje at dei reiskapar og metodar som har vore nytta skal overførast til det interne vurderingsarbeidet som barnehagen gjennomfører årleg.

1.6 Barnehagevurdering



2. Fakta om barnehagen

Øystese barnehage ligg Kvam herad. Midt i Hardanger i Hordaland fylke. Barnehagen er ein fleirkulturell sentrumsbarnehage. Barnehagen har 39 barn. Desse er fordelt på 3 avdelingar, etter alder 1-2 år, 2-4 år og 4-5 år. Det er 12 tilsette, 5 av desse er pedagogar. Totalt 9 årsverk. Fakta henta frå ståtadsanalysen.

Bygningen er eigd av Indremisjonen, men leigd og drifta av Kvam herad.

3. Vurderingstema

Øystese barnehage ynskjer å bli vurdert på følgjande tema:

Vaksenrolla i aktivitet og leik.

Barnehagen har utført ein ståtadsanalyse og utifrå denne og etter drøftingar i barnehagen har dei kome fram til følgjande glansbilete

4. Glansbilete



Tema: Vaksenrolla i aktivitet og leik

Kriterium	Teikn på god praksis
Barnehagen er ein lærande organisasjon (Rammeplan for barnehage 2006, s.50)	<ul style="list-style-type: none">❖ Leiarane er medviten bruken av vaksenressursane❖ Barnehagen nyttar personalet sin kompetanse på heile huset❖ Barnehagen har klare målformuleringar❖ Personalet opplever at barnehagen har ei tydeleg leiing
Personalet planlegg, gjennomfører og vurderer den pedagogiske verksemda (Rammepl for bhg.-06,s.16)	<ul style="list-style-type: none">❖ Personalet reflekterer og drøftar eigen praksis❖ Møta er strukturerte, saklege og innhaldsrike.❖ Personalet legg til rette for daglege aktivitetar som stimulerer barna si læring og utvikling❖ Personalet deltek aktivt i leiken ute og inne❖ Personalet har eit bevisst forhold til gruppedeling og organisering
Barnehagen gjer gode utviklings- og aktivitetsmoglegheiter i nær forståing og samarbeid med barnas heim. (Barnehagelova §1 Formål.)	<ul style="list-style-type: none">❖ Føresette kjenner til barnehagen sitt arbeid med barna si læring og utvikling.❖ Føresette meiner barnehagen er flink til å tilpassa aktivitetane ut ifrå barnas alder og modning.❖ Føresette opplever gjensidig og god dialog❖ Foreldresamtalar er meningsfylte og nyttige for alle partar.❖ Føresette opplever at barnehagen sine aktivitetar samsvarar med barnehagen sin progresjonsplan og årshjul.❖ Føresette opplever at barna deira blir tekne på alvor

<p>Barna får moglegheit til aktiv deltaking i planlegging og vurdering av barnehagens verksemd.</p> <p>(Rammepl. 2.4 s. 27) Rammepl pk. 1.5 s. 13 (Barneahgelova § 3. Barns rett til medvirkning)</p>	<ul style="list-style-type: none"> ❖ Personalet legg til rette for at barna får moglegheit til å påverka kvardagen. ❖ Barna deltek planlegging og gjennomføring av aktivitetar. ❖ Barna kjenner barnehagen sine reglar og rutinar ❖ Barna opplever ute og innemiljøet som inspirerende ❖ Barna opplever at dei kan påverke kvardagen sin
---	---

Kriterium tyder her krav til kjenneteikn på god kvalitet. Kriterium og teikn på god praksis er henta frå lov om barnehage, rammeplan for barnehage, regelverk og barnehagen sine eigne planar.

Når vurderarane gjennomfører ei vurdering, vert kriterium samanlikna med informasjon som er samla om temaet gjennom intervju og observasjon i barnehagen, i tillegg til dei dokument som barnehagen har lagt fram. Kriterium i denne rapporten er utforma av vurderarane og godkjende av barnehagen.





5. Barnehagen sine sterke sider innan vurderingsområdet

Kriterium 1: **Organisasjonen**

Barnehagen er ein lærande organisasjon

“Ein lærande organisasjon er ein organisasjon som er god til å skapa, tileigna seg og overføra/formidla kunnskap, og til å forandra si åtferd slik at den reflekterer ny kunnskap og innsikt.”
Garvin

❖ **Leiarane er medviten bruken av vaksenressursane**

Det er dei. Dei tilsette møter positivitet for initiativ dei kjem med og dei får bruke sin kompetanse.

Det er jo og så fint formulert i progresjonsplanen:

“Kva er pedagogikk? Det er møta mellom vaksne og born der den vaksne har ein tanke om at barnet må få strekkja og utvikla seg.”

❖ **Barnehagen nyttar personalet sin kompetanse på heile huse**

Det er ein del fastlagt gruppeaktivitet der kompetansen på huset vert nytta på tvers av avdelingane, men det kan og oppstå spontant. Dei deler kunnskap og idear med kvarandre.

❖ **Barnehagen har klare målformuleringar**

Ja, det har dei. Heile personalet har vore med å utarbeidd måla og har eit godt eigeforhold til planverket sitt, både progresjonsplan og årshjul. Det vert brukt som eit verkty i kvardagen. Me såg og at planverket hang framme på avdelingane.

❖ **Personalet opplever at barnehagen har ei tydelig leiing**

Me opplevde dei ytre rammene som ryddige og oversiktlige og personalet uttalte at dei hadde tydelege leiarar. Det er stor medvit om at saker skal handsama tenestevegen.

Kriterium 2: **Personalet:**

Personalet planlegg, gjennomfører og vurderer den pedagogiske verksemda

❖ **Personalet reflekterer og drøftar jamleg eigen praksis**

Det gjer dei mykje, blant anna ved å skrive dagsrapport . Personalet har utarbeidd eit eigne skjema - "Planlegging av aktivitet/samling i Øystese barnehage" – som og vert brukt som refleksjonsmateriell. Ei avdeling har tatt Glansbilete som modell for korleis dei vil gjennomføre aktivitetar i gruppa.

❖ **Møta er strukturerte, saklege og innhaldsrike**

Det føreligg alltid sakliste og referat og det er stor takhøgd for ein god diskusjon.

❖ **Personalet legg til rette for daglige aktivitetar som stimulerer barna si læring og utvikling**

Det er planar for opplegg kvar dag. Både assistentar og pedagogar har avsett planleggingstid og ein planlegg ut frå Årshjul og Progresjonsplan. Som ein liten digresjon kan nemnast at ordet Læring er brukt 15 gonger i Progresjonsplanen og ordet Leik er brukt 12 gonger. Rammeplanen seier jo klart at leiken er læringsmetoden i barnehagen.

Me opplevde gode samlingar som var knytt opp til angitt tema. Det vart gitt mange gode impulsar som inspirerte barna i den frie leiken andre tider på dagen.

Personalet har deltatt på Work-Shop/ kurs, der dei mellom anna vart inspirert av musikk. Me vurderarar fekk oppleve bruk av rytmeinstrument som underbyggjar av historier/tema som vart formidla.

❖ **Personalet deltek aktivt i leiken ute og inne**

Dei vaksne har mange tankar om leiken og leikens verdi. Dei heldt seg nær barna, inspirerar, støttar og passar på at den vaksne ikkje overstyrer leiken.

Me opplevde mange fine leike-/byggjesituasjonar inne der ungane og dei vaksne arbeidde ilag. Personalet refererte til at dei hadde tatt med m.a. tepper og staffeli ut og sett at det var med til å tilføre leiken nye dimensjonar i uterommet.

❖ **Personalet har eit bevisst forhold til gruppedeling og organisering**

Personalet synest dei har eit godt forhold til det å planlegge og jobbe i grupper. Dette kommenterte også dei føresette som positivt.

Kriterium 3: **Føresette:**

Barnehagen gjer gode utviklings- og aktivitetsmoglegheiter i nær forståing og samarbeid med barnas heim.

❖ **Føresette kjenner til barnehagen sitt arbeid med barna si læring og utvikling.**

"Ja, viss me ynskjer å fylgja med er all informasjon tilgjengeleg", seier dei føresette.

❖ **Føresette meiner barnehagen er flink til å tilpassa aktivitetane ut ifrå barnas alder og modning.**

Dei føresette påpeiker at barnehagen er spesielt gode på å dele inn i aldersrelaterte grupper.

❖ **Føresette opplever gjensidig og god dialog.**

Det er låg terskel for å seie ifrå til personalet. Dei føresette synest personalet opptrer profesjonelt i forhold til konstruktiv kritikk.

Personalet på si side er opptekne av å snakke med dei føresette i bringe - og/eller hentesituasjonen.

Som vurderarar opplevde me at ein del foreldre tok seg tid til ein kaffikopp inne på avdelinga om morgonen.

❖ **Foreldresamtalar er meningsfylte og nyttige for alle partar**

Det er eit viktig fora der informasjon om det enkelte barn kan utvekslast og diskuterast.

❖ **Føresette opplever at barnehagen sine aktivitetar samsvarar med barnehagen sin progresjonsplan og årshjul.**

Så lenge det ikkje vert gitt utrykk for noko anna, må ein gå ut frå det.

❖ **Føresette opplever at barna deira blir tekne på alvor**

Sitat : "JA! MED STORE BOKSTAVAR!"

Kriterium 4: **Barna:**

Barna får moglegheit til aktiv deltaking i planlegging og vurdering av barnehagens verksemd.

❖ **Personalet legg til rette for at barna får moglegheit til å påverka kvardagen**

Det er sjølvsagt aldersbestemt i kva stor grad ungane kan påverke eigen kvardag. Men personalet er flink å tolke også nonverbale uttrykk og imøtekjem ynskjer og initiativ på dei ulike alderstrinn innan visse rammer.

Barna uttrykkjer at det er kjekt i barnehagen og at dei veit kvar dei kan finne det dei vil halde på med.

I samlinga må dei rekke opp handa for å seie kva dei har lyst til.

❖ **Barna deltek i planlegging og gjennomføring av aktivitetar**

I Øystese barnehage er ungane med på gjennomføre det dei vaksne har planlagt. Dei vaksne er flink til å drive barna sine prosjekt framover. Det kunne me som vurderarar blant anne observera i ulike byggeprosessar ungane tok initiativ til.

❖ **Barna kjenner barnehagen sine reglar og rutinar**

Det meiner personalet bestemt at dei gjer. Rutinane i barnehagen er med på å skape tryggleik og harmoni i kvardagen. Dette kunne me og observere. Ungane visste godt kor tinga hadde plassen sin, dei visste kva som skulle skje og dei visste og kvifor nokre reglar måtte vere som dei var.

Sitat: "Me har to tre med plommer. Erlend er streng viss me klatrar i treet. Då knekker greinene."

❖ **Barna opplever det fysiske inne – og ute miljøet som inspirerende.**


Det er mange spennande krockar å leike på inne i barnehagen. Desse utnyttar ungane til diverse byggeprosjekt som hytte, båt og buss. Byggjematerialet er tepper og stolar.

Utomhus var det mykje leik i sandkassene. Desse vart også kommentert under barneintervjuet. Ungane var klare på at ei var for dei store og den andre for "småttissane". Me kunne observere mykje jobbrelatert leik der.

Dei vaksne hadde opplevingar med at det ikkje skulle så mykje til for å gjere uteområdet spennande også for dei største barna. Dei hadde blant anna laga dragar av plastposar ein dag det var mykje vind.

❖ **Barna opplever at dei kan påverke kvardagen sin**

I forkant av foreldresamtalene, er det barnesamtaler med dei eldste barna. Leik står veldig sentralt i barnehagen. Ungane uttrykte at dei kunne hente det dei ville halde på med og at det var greitt for dei vaksne. Dei seier også at det er kjekt å kome i barnehagen



6. Barnehagen sine utviklingsområde innan vurderingsområdet

Kriterium 1: **Organisasjonen**

Barnehagen er ein lærande organisasjon

(Rammeplan for barnehage 2006, s.50)

“Ein lærande organisasjon er ein organisasjon som er god til å skapa, tileigna seg og overføra/formidla kunnskap, og til å forandra si åtferd slik at den reflekterer ny kunnskap og innsikt.”
Garvin

❖ Leiarane er medviten bruken av vaksenressursane

Styrrar opplever at det er god vaksenressurs på huset. Desse blir ikkje godt nok nytta. Mange har ressursar dei ikkje vågar å få fram. Dette er noko dei må drøfte slik at ressursane som allereie er på plass, tener barna og barnehagen best mogeleg.

❖ Barnehagen nyttar personalet sin kompetanse på heile huset

Dette kunne me gjort meir meiner personalet. Her er det noko å hente i forhold til spreie kompetansen rundt om på avdelingane.

❖ Barnehagen har klare målformuleringar

Utfordringa for personalet er å halde varmt innhaldet i progresjonsplanen. Dei vil sjå det att i kvardagen, slit med å nytta planen gjennomgåande. Styrar meiner at oppsette planar ikkje blir fylgde opp, men gjev også signal om at ein ikkje må leggje mykje tid i varm mat når det er stram bemanning. Å bruka allereie utarbeidde planar når vekeplanen blir lagd, kan gjera sitt til at den blir synleg i kvardagen.

❖ Personalet opplever at barnehagen har ei tydeleg leiing

Styrar opplever at pedagogane er utrygge på eiga rolla i høve til det å vera personalleiar. Her skal det finnast utarbeidde stillingsinstruksar som kan hjelpa til med å få avklara eiga rolle. Heradet har ikkje stillingsinstruksar. Barnehagen har sjølve laga noko dei kallar Rolleforventning.

Kriterium 2: **Personalet**

Personalet planlegg, gjennomfører og vurderer den pedagogiske verksemda

Rammepl for bhg.-06,s.16)

❖ Personalet reflekterer og drøftar eigen praksis

Dette er det ikkje rutinar for. Det kan lagast rutinar for kva vakt som skal skriva på "Dagen i dag" tavla. Også vikarane som er inne, kan gjere dette.

❖ Møta er strukturerte, saklege og innhaldsrike

Personalet opplever møta som travle. Det er mange saker, saker som ofte manglar konklusjon. Dei kunne tenkt seg å bruka meir tid på enkeltsaker. Sjølv om det blir prata mykje om barna i barnehagen er det ingen formelle praksisfortellingar. Det burde vore meir teorikunnskap om barna si utvikling. Kanskje oftare møter der eit av tema kan vera barna si utvikling.

❖ Personalet legg til rette for daglege aktivitetar som stimulerer barna si læring og utvikling

Barnehagen har lita teoretisk utdanning der dei kan grunngje handlingar. Dette er ein mangel når dei planlegg det dei skal gjera. Ein ide kan vere å bruka deler av avdelingsmøta eller planlegginstida til å tileigna seg teoretisk kunnskap. Dette kan dei t.d. i neste omgang ha som framlegg på personalmøta og elles når dei lagar vekeplanar, vise kva for teori dei har nytta seg av.

- *sørgja for god planlegging og fleksibel tilrettelegging og utnytting av det fysiske miljøet og vurderer korleis nærmiljøet kan supplera barnehageareala til ulike årstider (sitat frå dykkar progresjonsplan).*

❖ Personalet deltek aktivt i leiken ute og inne

Det skjer av og til. Personalet ser det som vanskeleg å væra inne i leiken med få barn, dei synes det er vanskeleg å få tid til å gå inn i rolla. Dei seier sjølve at dei har ein jobb å gjera med å setja i gang aktivitetar ute. De har planar for aktivitetar ute, desse kan de ta i bruk. Heile personalet bør væra kledd for å kunne leika, sitja saman med barna ute. Også vikarane. Bevisstgjera seg leiken sin verdi som leik. Det er ofte enkle midlar som skal til.

- *leggja til rette for og inspirera til trygg og utfordrande kroppsleg leik og aktivitet for alle, uavhengig av kjønn og kroppslege, psykiske og sosiale føresetnader (sitat frå dykkar progresjonsplan).*

❖ Personalet har eit bevisst forhold til gruppedeling og organisering

Slik personalet ser det manglar dei teoretisk kunnskap om kvifor dei planlegg slik dei gjer.

Kreterium 3: **Føresette**

Barnehagen gjer gode utviklings- og aktivitetssmoglegheiter i nær forståing og samarbeid med barnas heim.

(Barnehagelova §1 Formål.)

❖ Føresette kjenner til barnehagen sitt arbeid med barna si læring og utvikling.

Personalet meiner dei har ei utfordring i høve kommunikasjon med dei tospråklege foreldra. Det er ikkje kvar dag dei skriv på dagen i dag tavla. Me veit heller ikkje kor mykje informasjon foreldra får med seg. Nokon av dei føresette at dei ikkje får informasjon om barna si læring og utvikling.

Det er også her fint med rutinar for kven som skriv på tavla kvar dag. Reflekter over ro eller uro i frukostsituasjonen.

❖ **Føresette meiner barnehagen er flink til å tilpassa aktivitetane ut ifrå barnas alder og modning.**

Svarprosenten er låg på brukarundersøkinga.

❖ **Føresette opplever gjensidig og god dialog**

Nokon av foreldra meiner at det er vanskeleg å formidla beskjedar til dei tilsette. Dei må gje same beskjeden fleire gonger. Me som vurderarar observerte også at enkeltforeldre gav beskjed "gjennom barnet".

Der opplever personalet begge deler. Det kjem an på kjemien mellom folk, og det kan vera foreldre som i ei travel kvardag opplever at dei ikkje år snakka med oss. Personalet understrekar at dei har lita tid.

Foreldra etterspør oppdateringar på dagen i dag tavla og tilbakemelding ved henting.

- *fremja tillit mellom borna og mellom born og vaksne, slik at borna føler gleda ved å kommunisera og er trygge når dei brukar ulike språk- og tekstformer i kvardagen (sitat frå dykkar progresjonsplan).*

❖ **Foreldresamtalar er meningsfylte og nyttige for alle partar.**

❖ **Føresette opplever at barnehagen sine aktivitetar samsvarar med barnehagen sin progresjonsplan og årshjul.**

Personalet er ikkje sikker på korleis foreldra opplever dette, det er heller ikkje så godt og vita kor mykje foreldra forstår av planane, jmf. tospråklege. Nokon av foreldra meiner dei ikkje har sett årshjulet og progresjonsplanen. Dei har fylgt årsplanen før. Her kan også dagen i dag tavla vera til hjelp som dokumentasjon for foreldra.

❖ **Føresette opplever at barna deira blir tekne på alvor**

Foreldra etterspør betre struktur på avdelingane, der de passar på at barna får med seg - og på seg eigne klede. Deler av dette observerte også vurderarane i garderobesituasjonen der ein vaksen tok på barnet eit anna barn si bukse, og kommenterte at det ikkje gjorde noko. Buksa vart bytta ut. Foreldra etterspør betre do – rutinar ute.

- *arbeida for at alle born får erfara at dei er verdifulle og viktige for fellesskapet (sitat frå dykkar progresjonsplan).*

Kriterium 4: **Barna**

Barna får moglegheit til aktiv deltaking i planlegging og vurdering av barnehagens verksemd.

(Rammepl. 2.4 s. 27)

Rammepl pk. 1.5 s. 13

(Barneahgelova § 3. Barns rett til medvirkning)

❖ Personalet legg til rette for at barna får moglegheit til å påverka kvardagen.

Eg skulle ynskja eg kunne seia ja....

- *sørgja for at borna erfarer at vala og handlingane deira kan påverka situasjonen både for dei sjølv og andre (sitat frå dykkar progresjonsplan).*

❖ Barna deltek i planlegging og gjennomføring av aktivitetar.

Barna deltek ikkje i planlegging. Personalet meiner at dei ikkje kan få fritt val. Personalet meiner dei kanskje var betre på dette før. Ved å lesa seg opp på kva som er barna sin medverknad i t.d. Rammeplanen eller anna relevant litteratur, finn de metodar der de kan involvera barna meir.

- *sørgja for at borna erfarer at vala og handlingane deira kan påverka situasjonen både for dei sjølv og andre (sitat frå dykkar progresjonsplan).*

❖ Barna kjenner barnehagen sine reglar og rutinar

❖ Barna opplever fysiske ute og innemiljøet som inspirerande

Me har ikkje dei heilt store utfordringane for dei eldste barna. Me har også mista plasser i nærområdet. Barna saknar lange plater til legoen.

- *inkludera friluftaktivitetar og uteleik i barnehagekvardagen*
- *byggja på og vidareutvikle erfaringane borna har med tekniske leiker og teknikk i kvardagen. (sitat frå dykkar progresjonsplan).*

❖ Barna opplever at dei kan påverke kvardagen sin

“Eg ynskjer at barna skal oppleve at dei bestemmer” Barna opplever at det er dei vaksne som bestemmer og at dei ikkje har møter, det er noko som berre er for dei vaksne. Dette er eit godt utgangspunkt for å tenkja barnemøter. Samlingsstunda kan nyttast til dette. Korte bolkar der barna får ytra seg. Med sakliste og referat. Det de har kome fram til tek de opp i neste avdelingsmøte, med attendemelding til barna.

- *arbeida for at alle born får erfara at dei er verdifulle og viktige for fellesskapet*
- *følgja demokratiske prinsipp i det daglege arbeidet (sitat frå dykkar progresjonsplan).*

7. Vidare arbeid



Oppmod styrar til å sei noko om vegen vidare, overlevering av stafettpinnen

6 månadar etter barnehagevurderinga finn stad, vil styrar rapportera attende til barnehagesjef/barnehagefagleg ansvarleg korleis barnehagen har arbeidd med utviklingsområda sine. Det politiske fagutvalet vil få ei orientering.

Stad, dato

Namn vurderar

Namn vurderar

Vedlegg 1 - Deltakarar i vurderinga

- Interne
- Eksterne

Grunngiving for val av informantar:

Vedlegg 2 - Tidsbruk

Det er avsett ei veke til å vurdera ein barnehage. Det inneber i hovudsak ein startdag der vurderarane møter barnehagen for fyrste gong for avklaring og planlegging. Dette kan vera eit fysisk møte eller telefonmøte. Under sjølve vurderinga, er vurderarane i barnehagen i inntil tre dagar. Barnehagen får rapporten umiddelbart etter vurderingsdagane. I førekant og undervegs førebur vurderarane informasjon, metodar, verkty og driv informasjonsarbeid og oppsummeringar. Styrar vert oppdatert om arbeidet heile vegen.

Å gjennomføra ei kvalitetsvurdering på tre dagar er knapp tid, og inneber ei avgrensing av vurderinga.

Vedlegg 3 - Tidsplan

TIDSPLAN - prosessen før vurderingsveka

Øystese barnehage veke 44 - 2011

Dato/veke	Tid	Aktivitet	Ansvar
06.2011	2mnd. før vurdering	Telefonkontakt med barnehagen som skal ha vurdering: informasjon om metoden, ståstadsanalysen og vurderingsprosessen	Vurderarane
		Informasjon til barnehagen via e-post, ståstadsanalysen og vurderingsprosessen: 1. om ståstadsanalysen (sett av 1mnd. til arb.) 2. oppgåver og ansvar knytt til ekstern vurdering 3. tidsplan – prosessen før vurdering	Vurderarane
		Send: ståstadsanalyse, vurderingstema og dokumentasjon til vurderarane	Styrrar
20.09.2011		Lag glansbilde	Vurderarane
13.10.2011		Send glansbilde til barnehagen v/styrrar Arbeidet med å utvikla eit glansbilde for kvar einskild barnehage kan ta litt tid, difor bør glansbildeframlegget sendast til barnehagen så tidleg som mogleg.	Vurderarane
Innan veke		Styrrar diskuterer glansbildeframlegget med personalgruppa og returnerer innspel, kommentarar eller ei godkjenning av glansbildet.	Styrrar
18.10.2011		Laga: ▪ intervjuguidar ▪ tidsplan for vurderingsveka ▪ rapport-mal, intern og ekstern ▪ laga mal for Power Point presentasjon	Vurderarane
		Informasjon til vurderarane: ▪ fakta om barnehagen, skriftleg ▪ foto av barnehagen til rapporten si framside	Styrrar
31.10.2011		Vurderarane kjem til barnehagen	Vurderarane

Vedlegg:
Oppgåver og ansvar knytt til ekstern vurdering
Om ståstadsanalysen

Kontaktinformasjon:

Namn: Gjertrud Jønsdal Tvedt
Tlf: 536 64205

Namn: Magni Kristiansen
Tlf.: 536 71320

TIDSPLAN for vurdering av Øystese barnehage, Kvam herad

Vurderingsveke: 44			
Sundag 30.10.11	Kl.20.00	<ul style="list-style-type: none"> - Møtes på Hardanger Fjordhotell - Finpussar planane for veka - Arbeidsfordeling 	
Måndag 31.10.11	kl 08.30 Kl.10.00 Kl.12.30 kl 14.00 kl.18.30 kl 19.00 - 20.00	<ul style="list-style-type: none"> - Koma i barnehagen: Presentera oss. Kort informasjonsutveksling/oppdatering med styrar. - Observasjon - Intervju med barna - Intervju med styrar - Observasjon ute - Førebu foreldremøte - Foreldremøte - Etterarbeid 	Vurderarane
Tysdag 01.10.11	Kl.08.30 kl 14.30 kl 18.00 kl.19.00	<ul style="list-style-type: none"> - Observasjon avdelingar inne og ute - Intervju med assistentane - Intervju med pedagogane - Etterarbeid 	Vurderarane
Onsdag 02.10.11	Kl 08.30 Kl 13.00 Kl 14.00	<ul style="list-style-type: none"> - Observasjon - Gi kort rapport til styrar - Etterarbeid 	Vurderarane
Torsdag 03.10.11	Kl 15.30 Kl 16.45	<ul style="list-style-type: none"> - Legge fram rapport for styrar - Legge fram - og overlevere rapporten 	Vurderarane
Innan 03.04. 2012		<ul style="list-style-type: none"> - Rapportera attende til barnehagefagleg ansvarleg korleis barnehagen vil arbeida med utviklingsområda - Orienterer det politiske fagutvalet 	Barnehage- styrar

Vedlegg 4 – Metodar

For å sikra god forankring og at alle røyster vert høyrde, hentar vurderarane inn data frå fleire andre kjelder (kjeldetriangulering). Informantane er det vurderarane som plukkar ut, for eksempel ved å ønskja å møta og intervju 5-åringane og eventuelt 4-åringar, eit utval av føresette i barnehagen og eit utval av personalgruppa; pedagogar, assistentar og fagarbeidarar. Det kan også vera aktuelt å gjennomføra observasjonar blant barn og tilsette i barnehagen.

For å styrka kvaliteten på dei data me finn, nyttar me ulike metodar for datainnsamling (metodetriangulering). Gjennom eit breitt spekter av metodar tek vurderarane temperaturen på den pedagogiske praksisen til barnehagen, og på korleis barnehagen fungerer som organisasjon.

Tema og tid til rådvelde verkar inn på val av metode. I prosessen i denne barnehagen er følgjande metodar nytta: [observasjon](#), [intervju](#), [samtale](#), [påstandsskjema](#) og [dokumentanalyse](#).

Dokument- og resultatanalyse

På førehand, etter barnehagen hadde gjennomført ståstadsanalyse og før vurderarane vitja barnehagen, sende barnehagen relevante dokument til vurderarane. Til dømes arbeidsplanar; årsplan, verksemdsplan, fagplanar, halvtårsplan, månadsplanar, vekeplanar, møteplan og kompetanseplan. Resultat av brukarundersøkingar blant barn, føresette og personalgruppa, medarbeidarundersøking.

Kriterium og teikn på god praksis

Vurderarane utarbeidde forslag til eit glansbilde med kriterium og teikn på god praksis. Dette med utgangspunkt i rammeplan for barnehage -06, barnehagelova med forskrift og barnehagen sine planar. Framlegg til kriterium med teikn på god praksis vart drøfta i barnehagen. [Barnehagen godkjende desse med små endringar](#).

Førebu barna

For å førebu barna på det som skulle skje sende vurderarane ein presentasjon av seg sjølve til barnehagen før vurderinga.

Samtaleguidar

For å fanga lik tematikk, har vurderarane i førekant utarbeidd ulike guidar til hjelp for samtalar med høvesvis førskulebarn, føresette, assistentar/fagarbeidarar og pedagog

Møte med føresette

Ein føresetnad for god barnehageutvikling er god dialog mellom heim og barnehage. Føresette må få høve til å involvera og engasjera seg. I løpet av denne vurderinga har me hatt møte med foreldrekontaktar på avdelingane;

- [Foreldrerepresentantane i arbeidsutvalet](#)
- [Arbeidsutval](#)

Møte med styrar

Styrar har ei nøkkelrolle i utviklingsarbeidet som barnehagen skal ta tak i når konklusjonane i rapporten ligg føre. Ein god dialog med styrar dannar grunnlag for gjensidig forståing av barnehagen sin no- situasjon og for vidare arbeid.

Observasjon

Me observerte i kvardagssituasjonar inne og ute

[Det som står her kan endrast og tilpassast](#)

Vedlegg 5 – Dette sa barna

Samtaleguide til barn i Øystese barnehage

Teikn på god praksis	Dette sa barna
Kan du fortelja litt om korleis det er å vera deg i Øystese barnehage?	➤
Barna får moglegheit til aktiv deltaking i planlegging og vurdering av barnehagen si verksemd.	
Kva gjer du om du har lyst til å gå på tur, eller andre ting du synes er kjekt, medan du er i	➤

<p>barnehagen?</p> <p>(Har de samlingar der de snakkar om kva de skal gjere denne dagen/veka?)</p>	
<p>Kva gjer den vaksne når du spør om å få gjera noko du likar? Kven bestemmer?</p> <p>(Barna deltek i planlegging og gjennomføring av aktivitetar.)</p>	<p>➤</p>

Vedlegg 6 – Dette sa føresette

Samtaleguide med føresatte i Øystese barnehage

Teikn på god praksis	Dette sa dei føresette
❖ Kva meiner de Øystese barnehage er flinke til?	➤
❖ Kva meiner de Øystese barnehage kan bli betre til?	➤
❖ Kva meiner de at de som føresette kan verte betre på?	➤
<p>Barnehagen gjev gode utviklings- og aktivitetssmoglegheiter i nær forståing og samarbeid med barna sin heim.</p>	
❖ Føresette kjenner	➤

til barnehagen sitt arbeid med barna si læring og utvikling.	
❖ Føresette meiner barnehagen er flink til å tilpassa aktivitetar ut ifrå barnas alder og modning.	
❖ Føresette opplever gjensidig og god dialog	
❖ Føresette opplever at barnehagen sine aktivitetar samsvarar med barnehagen sin progresjonsplan og årshjul.	
❖ Føresette opplever at barna deira blir tekne på alvor	

Vedlegg 7 – Dette sa personalet

Samtaleguide til personale ved Øystese barnehage

Teikn på god praksis	Dette sa personalet
Barnehagen er ein lærande organisasjon	
❖ Leiarane er medviten bruken av vaksenressursane	-
❖ Barnehagen nyttar personalet	-

sin kompetanse på heile huset	
❖ Barnehagen har klare målformuleringar	-
❖ Personale opplever at barnehagen har ei tydelig leiing.	-
Personalet planlegg, gjennomfører og vurderer den pedagogiske verksemda	
❖ Personalet reflekterer og drøftar jamleg eigen praksis.	-
❖ Møta er strukturerte, saklege og innhaldsrike.	-
❖ Personalet legg til rette for daglige aktivitetar som stimulerer barna si læring og utvikling.	-
❖ Personalet har eit bevist forhold til gruppedeling og organisering.	-
❖ Personalet deltek i leiken ute og inne.	-
Barnehagen gjer gode utviklings- og aktivitetsmoglegheiter i nær forståing og samarbeid med barna sin heim.	
❖ Føresette kjenner til barnehagen	-

sitt arbeid med barna si læring og utvikling.	
❖ Føresette meiner barnehagen er flink til å tilpassa aktivitetar ut ifrå barnas alder og modning.	-
❖ Føresette opplever gjensidig og god dialog	-
❖ Foreldresamtalar er nyttige og meiningsfylte for alle partar	-
❖ Føresette opplever at barnehagen sine aktivitetar samsvarar med barnehagen sin årsplan.	-
Barna får moglegheit til aktiv deltaking i planlegging og vurdering av barnehagen si verksemd.	
1. Personalet legg til rette for at barna kan påverka eigen kvardag.	-
2. Barna deltek i planlegging og gjennomføring av aktivitetar.	-

3. Barna kjenner barnehagen sine reglar og rutinar.	-
4. Barna opplever at dei kan påverke kvardagen sin.	-
5. Barna opplever det fysiske inne – og ute miljøet som inspirerende.	-

Vedlegg 8 – Observasjonar

Observasjonspunkt:

Tema for vurderinga: Vaksenrolla i aktivitet og leik

Førebuing:

1. Teikna i observasjonsskjemaet er dei same som i glansbiletet (dei som er relevante å observera)
2. Skriv ned situasjonar der dette kan observerast
3. Lag rutene større slik at det er plass for notatar når de observerer

Teikn:

situasjon å observera i

Leiarane er medviten bruken av vaksenressursane	Planar, samspel, samtalar, i møte
Observert:	
Barnehagen nyttar personale sin kompetanse på heile huset	Samspel, tema i møte, samtalar
Observert:	
Barnehagen har klare målformuleringar	Samspel, tema i møte, samtalar, leik, aktivitet
Observert:	
Barnehagen opplever at dei har ei tydeleg leiing	Nedskreve, lister, observerast, etter tur,
Observert:	
Personslet reflekterer og drøftar eigen praksis	Intervju, oppslag, tavler, møte
Observert:	
Møta er strukturerte, sakelege og innhaldsrike	møte

Observert:	
Personalet deltek aktivt i leiken inne og ute	møte
Observert:	
Personalet er medviten i forhold til gruppedeling og organisering	møte
Observert:	
Føresette kjenner til barnehagen sitt arbeid med barna si læring og utvikling	møte
Observert:	
Føresette meiner barnehagen er flink til å tilpassa aktivitetane ut ifrå barna sin alder og modning	møte
Observert:	
Føresette opplever gjensidig og god dialog	møte
Observert:	
Foreldresamtalar er meningsfylte og nyttige for alle partar	møte
Observert:	
Føresette opplever at barnehagen sine aktivitetar samsvar med barnehagen sin progresjonsplan og årshjul.	møte
Observert:	
Føresette opplever at barna deira blir tekne på alvor	møte
Observert:	
Personalet legg til rette for at barna skal få mogelegheit til å påverke eigen kvardag	møte
Observert:	
Barna deltek i planlegging og gjennomføring av aktivitetar	møte
Observert:	
Barna kjenner barnehagen sine reglar og rutinar	Møte, på avdeling
Observert:	
Barna opplever ute og innemiljøet sim inspirerande	Møte, på avdelinga
Observert:	

Barna opplever at dei kan påverke kvardagen sin	Møte, på avdelinga
Observert:	